

Nettleie:

Naturvernforbundet går inn for at det blir pris på effekt [kW] i nettleia på strøm til alle kundar.

Når alle som brukar elektrisk straum får nye målarar som registrerer timesforbruk, blir det mulig å sette pris på effekt etter kor mykje ein slår på samtidig. I dag er det stort sett bare kundar med forbruk over 100 000 kWh pr år som har nettleige med effektledd [kr/kW] i tariffen. Systemet er godt utvikla, og kan lett bli tilpassa alle abonnentar. Dette er det same systemet (Wattmeter) som folk var vandt til i tida før linjenettet ble kraftig utbygd på 60-tallet. Dersom dette blir gjennomført for alle forbrukarar vil ein oppnå tre vesentlige ting som vil kunne redusere energiforbruket.

1. Alle forbrukarar / kundar vil få ein større bevissthet om sitt eige forbruk og med det, bedre muligheter til å vurdere kva som kan gjøres for å redusere sitt eige forbruk.
2. Det vil da lønne seg å slå av oppvarming av rom og tappevann når ein skal lage mat. Flytting av forbruk vil vanlegvis og føre til redusert forbruk.
3. Flytting av forbruk vil gi redusert topplast i overføringsnettet og dette vil gje redusert tap i overføring.

I tillegg er det viktig at nettselskapa blir pålagt å lage særeigne tariffar for å hindre sløsing og luksusforbruk. For eksempel må fritidsbustader / hytter få tariff som gjer høgare kostnad for store inntakssikringar.